

**SAK 17/12    REPRESENTANT TIL STYRE FOR HALLINGDAL  
FOLKEHØGSKULE**

**Saksopplysning**

Syner til epost motteke 25.4.2012 frå Hallingdal Folkehøgskule:

*«I samband med at Olaug er gått bort, ber eg om at de vel ein ny representant til vårt styre. Vi har hatt stor nytt av at Regionrådet er representert i styret og ynskjer å halde fram med det.»*

*Med helsing  
Terje Leren  
rektor*

Tidlegare (før 2003) hadde Hallingdal Folkehøgskule eit styre på 7 representantar, 3 representantar frå skula, 3 frå eigarlaget Hallingdal Høgskulelag og ein representant frå staten. Frå 1.1.2003 galdt ny folkehøgskulelov der statens sin representant er ute. Hallingdal Høgskulelag ynskte at det framleis skal vera ein offentleg representant i styre og stilte spørsmålet om Regionrådet vil utnemne ein representant for ein ny styreperiode på 4 år, som no følgjer valperioden.

I sak 54/07; Representant til styre for Hallingdal Folkehøgskule, gjorde Regionrådet slikt vedtak:  
Regionrådet for Hallingdal vil foreslå at Olaug Grønseth Granli blir oppnemnt til styret for Hallingdal Folkehøgskule.

I samband med valet 2011 vart det ikkje oppnemnt annan kandidat til styre.

**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal vil foreslå at .....blir oppnemnt til styret for Hallingdal Folkehøgskule, for resten av valperioden 2011 - 2015.

Ål 19.5.2012

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar